

ÅRSMELDING FOR DRIFTSÅRET 2016 - PÅSKA 2017

Medlemstalet ved årsskiftet var 64 medlemmar.

Økonomien i foreininga er tilfredstillande. Ved årsskiftet hadde foreinga 16.433,15 på medlemskonto.

Styret: Leiar – Kari Silden Sølvsberg
Nestleiar – Jan Silden
Styremedlem/sekretær – Paul Sundnes
Kasserer- Kjell Rune Gangsø
1. vara: Sindre Langlo
2. vara: Unni Silden Hennøen

Styret har hatt to innkalla styremøte i funksjonsåret (påske til påske). Grunna geografisk avstand mellom medlemmane, har telefon og e-post vore nytta i tillegg. Referat frå styremøtet kan lesast på [www.silda.com / velforening/](http://www.silda.com/velforening/)

Aktivitetar gjennomførde i 2016

1. Det store ASFALTÅRET.

I samband med gravearbeidet til -SFE var det alt i 2015 klart at SFE måtte få asfalt til øya, for reparasjon etter gravinga. På årsmøtet i påska 2015 var det sett av 50.000 kr i privattilskot til kommunen, om dei ville nytte sjansen til å vedlikehalde heile vegen, frå nord til sør. På årsmøtet 2016 var det kjent at Silda grendahus, - gjestbrygge og Øyglimt A/S ville støtte asfaltarbeidet med 45.000kr. Årsmøtet bestemt då å auke tilskot til 55.000, for å vise laget sitt sterke ynskje og behovet for vegvedlikehald.

Etter fleire brev og kontakter frå Silda, bestemt Vågsøy kommunen at dei ville samarbeide med SFE om asfaltering. Silda velforening sende, saman med dei andre, ein signert avtale til kommunen om tilskot på 100.000 kr

15. juni kom Veidekke til Silda med sine maskiner og 20 mann, saman med Vågsøy kommune sine folk. På ein dag vart hovudvegen og ein del private vegar asfaltert, ferdig til sommarsesongen. St Styret i Velforeninga bestemte å sende eit takkebrev til kommunen, med kopi til Fjordenes Tidende, for flott respons og innsats.

2. Dugnad.

I 2016 vart det gjennomført berre ein mindre fellesdugnad. Innkjøpte skilt på stien «Silda rundt» vart montert og supplert.

Før slutttilskot frå Gjensidifondet kan krevjast inn må stiane vere ferdig etter planen , med informasjonstavle

Paul tok oppgåva med planlegging av denne informasjonstavla, med bilete frå utkikspunkta. Arbeidet vart sett i bero då vi fekk kjennskap til at Vågsøy hadde sett i gang arbeidet med nye kart, som skulle vere ferdig våren 2017.

3. Renovasjonsordning.

Nomil bygde søppelrom på kaia, og meiner at to konteinrar er nok for 2 vekers innsamling. Ordninga med kodelås fungerte dårleg og vart fjerna.

Sekretæren har vore i kontakt med Sandal i Nomil og fekk opplyst at dei reknar med at alle betalar og at to kontainrar er nok, også sommars dag. Dette er styret usamd i og vil no på nytt skriftleg ta opp spørsmålet om fleire kontainrar midtsommars. Velforeninga oppmodar Nomil om å lage eit oppslag om ordninga til sesongen 2017.

Silda velforening sende brev til Vågsøy kommune, med oppmoding om tvungen renovasjon, men kommunen har som vanleg ikkje svart på forespørselen. Ole har munnleg fått vite at Vågsøy ikkje kan innføre tvungen renovasjon for øyane, p.g.a. lokale reglement for renovasjon.

4. Plassen for skaterampen. bak Fernandobuda, vart opparbeidd og rampen er montert.

5. Grillsamling på skuleplassen vart ikkje arrangert , grunna dårleg ver i veke 29 og 30. Grillkol og premiar var innkjøpt og kan brukast sommaren 2017.

6. Silda Velforening mottok grasrotandelar, frå Norsk Tipping, på totalt Kr. 4863,98 og gåver frå nøgde medlemar på totalt 4000 kr, nokre innbetalinger merka "asfalttilskot"

Øyglimt kjøpte i 2016 to hjartestartarar . Den eine er plassert ved inngangen til garderobedelen ved Silda Grendahuset, den andre er på båten. Eit flott tiltak meiner styret.

For styret

Kari Silden Sølvberg - leder